



Anna Maila Leiknes Lyngøy  
Leknesvegen 173  
5915 HJELMÅS

Referanser:

Dykkar:

Vår: 18/2547 - 18/29807

Saksbehandlar:

Eilin Houlison Molvik

EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:

13.03.2019

## Varsel om krav om påkobling til kommunalt vass- og kloakkanlegg og krav om utbetring manglande dykk utløp gbnr 195/86 Leiknes

Lindås kommune har 21.08.18 motteke melding frå Norva 24 om manglande dykk på utløp frå slamavskiljar på eigedommen.

Vi viser forøvrig til tilsvarede sak i 2016 med manglande dykk og dårleg lokk, avslutta 29.12.16.

### Manglande dykk på utløp

Det er ved førre slamtømming registrert manglande dykk på utløpet frå slamavskiljaren på eigedomen.

Når det er fare for forureining i strid med lova eller vedtak i medhald av lova, skal den ansvarlege for forureininga sørge for tiltak for å hindra at forureining skjer. Når forureining har oppstått skal den ansvarlege sørge for å stansa, fjerne eller avgrensa forureininga, jf. forureiningslova § 7.

Det må monterast dykk på utløpet frist for arbeidet vert sett **01.05.19**.

Dersom du meiner at opplysningane våre ikkje er rette, eller at det fins andre grunnar til at du ikkje har plikt til å utbetra mangel ved anlegget, ber vi om at du tek kontakt med oss snarast mogleg og seinast innan fristen som er sett for utbetring av tilhøvet.

Når det er montert dykk på utløpet må du fylla ut vedlagte tilbakemeldingsskjema for utført arbeid og fotodokumentasjon og returnera det til kommunen. Skjema sender du til

- [postmottak@lindas.kommune.no](mailto:postmottak@lindas.kommune.no) eller
- Lindas kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Vi gjer merksam på at dersom kommunen ikkje har mottatt skriftleg tilbakemelding innan fristen om at arbeidet er utført, vil kommunen vurdera å gje pålegg om utbetring, jf. forureiningslova § 7. Det vil samstundes bli vurdert å fastsetja tvangsmulkt, jf. forureiningslova § 73.

### Varsel om krav om påkobling til kommunalt vass- og kloakkanlegg

---

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311  
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Det er utbygd kommunalt vass- og kloakkanlegg i området. Bygningar som ligg på ein eigedom der offentleg vass- og avløpsleidning går over eigedomen, i veg som grenser til eigedomen eller over nærliggande areal, skal etter plan- og bygningslova §§ 27-1 andre ledd og 27-2 andre ledd knytast til dei offentlege leidningane.

Etter opplysningar som er kjend for kommunen har eigedomen privat vatn og betalar for slamtømming av privat slamavskiljar. Dersom eigedomen vert tilknytt kommunalt kloakkanlegg er det vanlegvis ikkje ønskeleg og heller ikkje naudsynt å la avløpet gå gjennom slamavskiljar.

Dersom du meiner at opplysningane våre ikkje er rette, eller du har andre merknader, ber vi om at de tek kontakt med oss snarast mogleg og seinast innan fristen som er gitt over. Frist for tilbakemelding vert sett til **01.05.19**.

Tilbakemelding sender du til [postmottak@lindas.kommune.no](mailto:postmottak@lindas.kommune.no) eller Lindas kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø.

Eventuelt krav om tilknytning til kommunalt kloakkanlegg og/eller utkopling av slamavskiljaren og frist for gjennomføring av arbeidet vert sett etter frist for å komme med uttale/merknadar til varselet er ute.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på telefon 56 37 50 00 eller på e-post.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Tilbakemeldingsskjema om montert dykk utløp - gbnr 195/86 Leiknes

**Mottakarar:**

Anna Maila Leiknes Lyngøy  
Sigmund Lyngøy

Leknesvegen 173 5915  
Leknesvegen 173 5915

HJELMÅS  
HJELMÅS